



## Årsmelding 2013

### Styre, nemnder og grupper

Helge Hisdal tok over som styreleiar i Samnanger historielag etter Margunn Lønnebakken i 2012. Han vart attvald på årsmøtet i 2013. Solveig Vassenden vart då vald til styremedlem for eitt år, og . Tor Wold og Sture Tveit vart varamedlemer (for eitt år). Styret konstituerte seg slik:

Helge Hisdal, leiar  
Brigt Olav Gåsdal, nestleiar  
Ellen-Margrethe Oldervoll, kasserar  
Anne Liv Haukanes, skrivar  
Solveig Vassenden, styremedlem  
Sture Tveit, varamedlem  
Tor Wold, varamedlem

Styret har hatt ni styremøte (medrekna det konstituerande), og handsama 34 saker.  
Varamedlem Sture Tveit har møtt fast. Med eitt unntak har styremøta gått føre seg ved Antons kulturhistoriske senter.

Desse er valde til ulike verv (for eitt år):

*Redaksjon for årboka:* Anlaug Røen Hauge (redaktør), Svein O. Aadland, Tor Wold, Knut Harald Frøland.

*Fondsnemnd:* Tone Tysseland Holmefjord, Bjarne Hauge og Sture Tveit (frå styret).

*Valnemnd:* Britt Haukanes, Kjell Reistad og Anton Kåre Drønen.

*Revisorar:* Tone Tysseland Holmefjord og Arne Nordbø. Vara: Ada Haugen

**Kulturminnefondet:** Antons kulturhistoriske senter vart tildelt 20.000 kroner.

**Medlemsauke:** Samnanger historielag hadde 110 enkeltmedlemmer ved utgangen av 2013, 10 fleire enn for eitt år sidan.

### Faste grupper:

*Kulturminnegruppa* (v/ Helge Hisdal) har i samarbeid med Arne Høyland registrert kulturminne i Samnanger – frå ski og skrin til bygningar og kraftanlegg. Dei har vore med på filming av Tyssegata, med kommentarar om husa. Elles har dei vore borti BKK si restaurering av det gamle kvernhuset ved Fiske og arbeidet for å ta vare på Botnahytta i Rolvsvåg.

*Fotogruppa* (v/ Tor Wold) har halde fram med å registrera og digitalisera gamle bilete.

## Andre aktivitetar

*Arbeid med arkiv:* I løpet av 2013 har ei gruppe historielags-medlemmer sortert tre arkiv (etter Samnanger meieri, Samnanger husmorlag og losje Morgenrøden) som Samnanger kommune skulle overlata til Statsarkivet.

*Vårtur til Os og Fusa:* 9. juni med gammal “blåbuss”, 35 personar var med. Først til nybygget og economuseet Tønnegarden på Bogøy, der Jostein og Kari Gangstø m/familie lagar tønner og viser fram den gamle bokkartradisjonen. Dei satsar òg på servering og matlaging, m.a. bakar dei brød i steinomn. Me reiste vidare for å sjå og høyra om gamle Holdhus kyrkje frå 1700-talet. Frå Venjaneset tok me ferja til Hatvik i Os, der Åsmund Lien tok imot oss. Me vitja Oselvarverkstaden (som Lien er dagleg leiar for), og fekk høyra om den lokale tradisjonen med å byggja båtar.

*Feelekonsert i Grønsdalen:* Ein heilt spesiell konsert gjekk føre seg i gamleskulen i Grønsdalen 22. august. Den svenske meisterspelemannen Anders Rosén spelte då på ei hardingfele frå 1895, laga av samningen Knut H. Grønsdal (eller Myrland, som han òg kalla seg). Folkemusikaren hadde henta fela frå England og fått henne restaurert. Elles spelte Jonas Åkerlund på fele og gitar, Anette Thorsheim på torader. Øyvind Røen fortalte om Knut Myrland/Grønsdal, Ivar Bård Aadland om Johannes Bårdsson Tveit og dei kjende Tveitafelene. Kring 50 høyrd på.

*Foredrag om rose måling:* 9. oktober hadde tidlegare fylkeskonservator Nils Georg Brekke frå Os foredrag hos Anton på Frøland. Om lag 30 hadde møtt fram. Gjennom ord og bilde fekk me del i Brekkens kunnskapar om rose måling. Tradisjonen vart spreidd gjennom omreisande hallingmålarar, m.a. til Johannes J. Tveiterås i Samnanger. Sonen Nils Tveiterås/Midthus tok med seg målinga til Os, og la grunnlaget for “osmålinga”.

*Bokslepp 4. desember:* Ei lita samling hos Anton på Frøland då årboka hadde kome frå trykkeriet. Redaktør Annlaug Røen Hauge fortalte litt om arbeidet med og innhaldet i årboka. Samstundes markerte me at Anton Kåre Drønen var tildelt støtte frå kulturfondet.

*Uttaler:* Styret har uttalt seg om reguleringsplanen for Bjørkheim, etablering av frivilligsentral i Samnanger, bevaring av Safa-pipa, bruken av Stolpane skulehus og riving av ingeniørbrakka på kraftanlegget ved Svartavatnet.

*Andre vedtak:* Styret har skrive ny kontrakt med Anton K. Drønen om leige av Antons kulturhistoriske senter. Frå 2013 er husleiga kr. 4000 i året. Me har også vedteke å gje styreleiar kr. 1000 i årleg kompensasjon for telefonutgifter, køyring m.m.

*Dette gjorde me ikkje:* Korkje gjennom årboka, arrangement eller anna fekk Samnanger historielag markert at det i 2013 var hundre år sidan norske kvinner fekk stemmerett. Dette var tema for dei landsomfattande kulturminnedagane i september. Styret tok kontakt med ungdomsskulen, som var interesserte i eit prosjekt om “Kvinner i Samnanger”. Men dei fekk ikkje tid før året var omme.

## Oppsummering og vegen vidare

Alt i alt har 2013 vore eit år med middels aktivitet. Kulturminnegruppa har gjort ein heil del, årbok med interessante artiklar har kome ut og styret har gjennomført nokre opne arrangement.

Me har som mål å halda fram som me stemner, og auka aktiviteten litt i jubileumsåret 2014 – m.a. gjennomføra intervju med nokre eldre samningars. Styret ønskjer at årboka vert klar til 1. november – historielaget kunne då marknadsført seg med stand på julemessan i grendahuset.